



# POLITIET

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

## STRAFFESAKSSTATISTIKK 2017

**Presentasjon av straffesaksstatistikk og  
kriminalitetsutvikling.**

Visepolitimeister Ingmar Farstad og påtalesjef Elin Drønnen.

Ålesund 24.01.2018



## FORORD

---

Denne rapporten inneheld eit utdrag av straffesaksstatistikken for Møre og Romsdal politidistrikt. Det nye politidistriktet vart oppretta 01.01.2015 og for å kunne lage ei samanlikning som viser utvikling har ein slått saman tala for dei to tidlegare politidistrikta dei siste åra før samanslåinga.

Frå 01.10.2015 vart den nye straffelova innført og skiljet mellom forseelsar og forbrytelsar oppheva. For å kunne laga samanliknande statistikk har ein vorte nøydd til å inkludere forseelsar i statistikkgrunnlaget i statistikk som femner om perioden før den nye straffelova vart innført.

Reformarbeidet har gjort 2016 og 2017 til unntaksår for Møre og Romsdal politidistrikt.

I fjor vart første del av den nye organisasjonen sett i drift, vi fekk ein ny og slagkraftig operasjonssentral på haustparten og heilt på tampen av året vart det nye felles straffsaks-mottaket etablert. No på vårparten står innføring av ny geografisk struktur på planen. Men først om eit par år vil ein kunne sjå dei verkelege resultata av reformarbeidet.

## SAMMENDRAG

Talet på straffesaker viser framleis ein minkande tendens i Møre og Romsdal - frå 11 337 i 2016 til 11 065 i fjor, men vi registrerer ein urovekkande auke i saker som gjeld vald i nære relasjonar og nettbaserte overgrep.


Møre og Romsdal politidistrikt hadde i 2017 ein oppklaringsprosent på 61,2 som er noko svakare enn året før då 62,7 prosent av alle sakene vart oppklarte.

Ein er svært tilfreds med at vi i 2017 greidde å halde aktiviteten på eit høgt nivå, sjølv om vi da var inne i vårt andre år med omstilling gjennom arbeidet med å gjennomføre politireforma. Etter den årlege inspeksjonen i haust, sa statsadvokaten seg svært nøgd med den innsatsen som er gjort for å få ned restansane i straffesaksarbeidet.

### Utviklinga i talet på straffesaker:

| 2015          | 2016          | 2017          |
|---------------|---------------|---------------|
| <b>11.980</b> | <b>11.337</b> | <b>11.065</b> |

### Seksuallovbrot




I dei fleste kategoriane går talet på saker ned, men både når det gjeld seksuallovbrot og vald går kurva oppover.

Når talet på seksuallovbrot aukar frå 385 i 2016 til 510 i fjor, så skuldast det i første rekke den mengden av overgrepssaker som har vorte avdekka i samband med operasjon Jupiter. Denne operasjonen vart sett i verk for vel eitt år sidan og er retta mot nettbaserte overgrep, og talet på saker som gjeld seksuell framvisning på nett har auka med 378% i forhold til 2016.

### **OP Jupiter status sidan oppstart 01.12.16**

- 84 overgripingar avslørte
- 64 utspringsaker – sendt andre distrikt
- 20 etterforska lokalt
- 2 saker rettskraftig avgjorde
- 7 saker ferdig etterforska
- Hovudsakleg gjerningspersonar i aldersgruppa 40 til 60 år.
- Men der er overgripingar heilt ned i tenåra.
- 2 av dei sikta er kvinner
- Halvparten av gjerningspersonane er gifte.
- 14 av dei har eigne barn

### **Vald**



Hausten 2015 overtok politiet ansvaret for gjennomføringa av barneavhøyr frå domstolane. Tilrettelagde avhøyr vert nytta i saker der det er mistanke om at barn


eller særskilt sårbare er utsette for mellom anna vald i nære relasjonar eller seksuelle overgrep. Avhøyra vert lagt til rette for å skulle vere minst mogleg belastande for barna, det vert nytta spesialutdanna barneavhøyrarar og gjennomførast ved Statens barnehus.

## Barneavhøyr/tilrettelagde avhøyr

| 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|------|------|------|------|------|
| 185  | 175  | 315  | 392  | 384  |

Talet på barneavhøyr har auka mykje dei siste åra og i fjor vart det gjennomført 384 slike tilrettelagde avhøyr ved barnehuset i Ålesund. I fjor kunne også ein auke i valdssakene frå 1187 til 1302 i det vesentlege tilskrivas saker som gjeld vald i nære relasjonar, der distriktet hadde ein auke i saksmengda frå 2016 til 2017 på nær 40 prosent.


## Økonomisk kriminalitet



Når det gjeld økonomiske kriminalitet, har politiet i Møre og Romsdal registrert ei relativt stor auke i talet på bedrageri. På den andre sida har den beslektta statistikken over vinningsbrotsverk, vist ein nedadgåande trend.


Innanfor økonomisk kriminalitet har vi elles retta fokus på inndragning av utbytte etter kriminelle handlingar. 6,6 millionar kroner vart inndrege i fjor. Elles blir det jobba med fleire fiskerisaker som skal retteførast i 2018 og som har potensiale i seg til betydelege inndragningsbeløp.

## Vinning



Auken i økonomisk kriminalitet i dei siste åra, må sjåast i samanheng med ein sterk reduksjon i vinningskriminalitet. Bakgrunnen for dette er endringar som vart gjorde under revisjon av straffelova 01.01.2015.


## Narkotika



Talet på registrerte narkotikabrotsverk har vist ein markant nedgang løpet av dei to siste åra.

Dette er eit heilt bevisst val som er gjort. Når ei krevjande reform skulle gjennomførast, samstundes som saker som gjeld vald og overgrep mot born krev store ressursar, måtte vi redusere aktiviteten på eit område og dette har vi fått aksept for i overordna påtalemynd.

## Trafikk



Aktiviteten innanfor trafikksektoren har politiet i Møre og Romsdal greidd å halde på om lag same nivå som i 2016.

Vegtrafikken kravde sju dødsoffer i fjor mot fem året før. Vi var heilt nede i berre to trafikk-drepne i 2015, men skal ikkje lenger tilbake enn 2013 for å finne eit år med 13 omkomne på vegane ei fylket.

## Godt nøgd med staben

Leiinga i politidistriktet altså svært godt nøgd med måten staben har gjennomført polititenesta på i eit år med krevjande fokus på omstilling og omorganisering av politidistriktet.

Då er det særleg gledeleg å oppleve ei årleg innbyggjarundersøking som i fjor haust viser ein markant auke i tilliten til politiet i Møre og Romsdal. Same undersøkinga viser at Møre og Romsdal skorar høgast i landet når publikum vert spurd om det er lett å kome i kontakt med politiet.

Ein må likevel vedgå at publikum ikkje er like nøgd med responstida når dei føler at dei treng hjelp.

Dette er noko som råkar dei forholdsvis store distrikta med ein utfordrande geografi. Men vi har stor tru på at dette skal bli betre seg gjennom fleire tiltak som skal innførast i reformarbeidet som er i gang..

### Fakta frå medarbeidarundersøkinga:

- Til saman 84 prosent av dei spurde i Møre og Romsdal seier at dei har "svært stor" eller "ganske stor" tillit til politiet.

Ein auke på 5 prosentpoeng frå året før.

- Heile 96 prosent av dei spurde i Møre og Romsdal seier at dei kjenner seg "meget trygge" eller "ganske trygge".
- Møre og Romsdal politidistrikt vert oppfatta som det mest tilgjengelege i heile landet. Av dei spurde i undersøkinga svarte 82 prosent at dei er "heilt enig" eller "delvis enig" i påstanden: "Det er lett å komme i kontakt med politiet".
- Politiet i Møre og Romsdal opplever ikkje den same oppslutninga når det vert spurt om responstid. Berre 55 prosent seier at dei er "heilt enig" eller "delvis enig" på spørsmålet om "Politiet kjem raskt til staden ved behov for akutt hjelp".

## Straffesaker i dei lokale einingane

|                 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|-----------------|------|------|------|------|------|
| Aure            | 73   | 104  | 109  | 100  | 97   |
| Averøy og Frei  | 222  | 177  | 231  | 236  | 234  |
| Fræna           | 319  | 372  | 285  | 357  | 335  |
| Giske           | 273  | 316  | 270  | 237  | 226  |
| Gjemnes og Eide | 232  | 241  | 231  | 234  | 222  |
| Halsa           | 50   | 53   | 44   | 66   | 50   |
| Haram           | 172  | 194  | 208  | 161  | 152  |
| Herøy og Sande  | 276  | 270  | 316  | 251  | 284  |

|                    |      |      |      |      |      |
|--------------------|------|------|------|------|------|
| Kristiansund       | 1609 | 1661 | 1539 | 1622 | 1480 |
| Molde              | 1475 | 1595 | 1503 | 1312 | 1241 |
| Nesset             | 127  | 70   | 80   | 106  | 95   |
| Rauma              | 321  | 329  | 343  | 275  | 327  |
| Smøla              | 45   | 46   | 31   | 60   | 65   |
| Stranda og Norddal | 159  | 199  | 162  | 171  | 152  |
| Sula               | 201  | 204  | 303  | 239  | 282  |
| Sund               | 124  | 112  | 140  | 136  | 126  |
| Sunndal            | 353  | 294  | 317  | 385  | 386  |
| Surnadal og Rindal | 227  | 205  | 174  | 213  | 208  |
| Sykkylven          | 269  | 218  | 245  | 191  | 230  |
| Tingvoll           | 118  | 102  | 85   | 102  | 121  |
| Ulstein og Hareid  | 443  | 593  | 649  | 488  | 473  |
| Vestnes            | 147  | 146  | 247  | 238  | 215  |
| Volda og Ørsta     | 671  | 796  | 774  | 853  | 841  |
| Ørskog             | 230  | 394  | 378  | 363  | 351  |
| Ålesund            | 3239 | 3241 | 3216 | 2861 | 2763 |

Tabellen viser utviklinga i straffesakstalet dei siste fem åra i alle geografiske tenesteeiningane i Møre og Romsdal politidistrikt.

Frå 1. april gjennomfører politiet ei strukturendings som gjer at nokre tenesteiningar slått saman og får nye namn. Denne statistikken vil såleis framstå i ei noko anna form når vi skal gjere opp status for 2018 og talet på tenesteeiningar er redusert frå 26 til 12.